

J.K. Rowling

J.K. Rowling er ein britisk forfattar, og ho er kjend for å ha skrive bøkene om Harry Potter. Ho heiter eigentleg Joanne Rowling, men bruker «J.K.» på bøkene i staden for sitt verkelege namn. K. står for Kathleen, som var namnet til bestemora hennar.

Joanne Rowling blei fødd den 31. juli 1965 i Yate i England. Søstera hennar Dianne (Di) blei fødd i 1967. Foreldra heitte Peter James Rowling og Anne Rowling.

Som barn skreiv Rowling ofte fantasyhistorier som ho brukte å lese for søstera si. Den første historia ho skreiv ned (då ho var fem eller seks år gammal), handla om ein kanin som heitte Rabbit. Han fekk meslingar og fekk besøk av vennene sine, inkludert ei enorm bie som heitte Miss Bee.

Som tenåring gjekk Rowling på Wyedean School and College. Seinare studerte ho blant anna fransk ved Universitetet i Exeter. Etter å ha studert eit år i Paris flytta Rowling til London for å arbeide som forskar og tospråkleg sekretær.

I 1990, mens Rowling var på ein firetimars forseinka togtur frå Manchester til London, dukka ideen om Harry Potter opp i Rowlings hovud. Ho har fortalt at «eg veit ærleg talt ikkje kor ideen kom frå. Han starta med Harry, og deretter kom berre ei rekke figurar og situasjonar strøymande på». Då ho kom heim til leilegheita, begynte ho straks å skrive.

Harry Potter-serien består av sju band. Den første boka, Harry Potter og de vises stein kom ut i 1997, og den siste, Harry Potter og dødstalismannene, kom ut i 2007.

Rowling har vunne mange prisar for bøkene sine. I 2010 fekk ho H.C. Andersens litteraturpris for bøkene om Harry Potter.

I dag bur Rowling i Edinburgh saman med mannen sin og dei tre barna sine.